

# Møtereferat

**Deltakrar:** Elisabet B. Salte, Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Sven Hove, Oddveig Birkeland, Grete Müller, Solfrid Lillebø

**Forfall:** Harald Lindvik

## Kopimottakrar:

**Møteleiar:** Linn Bæra, leiar RBU

**Møtedato:** 25.02.2015

**Klokkeslett:** 10-15

**Møtenr:** 2/2015

**Møtested:** Helse Vest RHF/Forus

**Arkivref:** -

Saksnr	Emne	Ansvarleg
9/15 Kl 10.00	Godkjenning av protokoll  1 kommentar om konstitueringsprosessen av nytt brukarutval. Blir tatt opp under sak 19/15	Linn Bæra
10/15	Godkjenning av innkalling, og melding av eventuetsaker.  Innkalling godkjend.  3 saker meldt til eventuelt: 1. Rehab-konferansen - påmelding 2. Prio 2 - påmelding 3. Tal på medlem i utval	Linn Bæra
11/15 Kl 10.10	Orientering om aktuelle styresaker  Gjennomgang av sakslista til styremøtet den 3. mars 2015 ved Per Karlsen: - Gjennomgang av resultat frå verksemda God økonomi gjer det mogleg å gjennomføre fleire planlagde byggeprosjekter i kommande år. - 1,8 mrd i samla investeringsbudsjett for 2015 - Kort gjennomgang av styringsdokumenta til helseføretaka for 2015	Per Karlsen, øk.dir. HV
12/15 Kl 11.10	Orientering/oppdatering deltaking i prosjekt/arbeidsgrupper	Linn Bæra

	<p>Gjennomgang av oversikta over deltaking i grupper/prosjekt. I den forbindelse blei også førespurnadar om brukarmedverknad under sak 16/15 tatt med. Oppdatert oversikt lagt ved.</p> <p>Det kom to innspel under behandling av denne saka:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• RBU må diskutere kva for grupper dei skal være med i, og i mindre grad velje ut frå representantanes eigne interesser då det er brukarmedverknad på systemnivå som er mandatet til det regionale brukarutvalet</li> <li>• RBU bør stille tydelegare krav til dei som etterspør brukarmedverknad, der rolla og forventninga til brukarrepresentanten(e) blir tydeleggjort.</li> </ul>	
13/15 Kl 12.45	<p>Gjennomgang av årleg melding for 2014 HV (lagd ved)</p> <p>Leiar gjekk igjennom sine kommentarar til årleg melding. Desse, samt moment som kom opp under gjennomgangen, blir tatt med i eit utkast som vert sendt på høyring til utvalet før dei samla leggjast fram i styremøtet til Helse Vest den 3. mars 2015. Kommentaranane, saman med årleg melding frå RBU, skal leggjast ved den årlege meldinga til Helse Vest, som blir sendt til Helse- og omsorgsdepartementet den 15. mars 2015.</p>	Linn Bæra
14/15 Kl 13.00	<p>Gjennomgang av årleg melding for 2014 RBU</p> <p><u>Kommentar:</u> forholdet til styret i helseføretaket vil fortsatt vere ei viktig sak for RBU. I føretaksprotokollen frå føretaksmøte med Helse Vest den 7. januar 2015 står det i kap. 3.5.2 at helseføretaka har ulike rutinar og praksis for brukarmedverknad på systemnivå, til dømes brukarmedverknad i styra, og i 2015 er det eit krav frå Helse- og omsorgsdepartementet om at prinsipp og rutinar for brukarmedverknad blir einskaplege i alle føretak.</p>	Linn Bæra
15/15 Kl 13.15	<p>Gjennomgang av årsplan for styret i Helse Vest 2015 med tanke på viktige styresaker for RBU</p> <p>Fellesmøte mellom styret i HV og RBU er flytta frå 10. nov. til 15. okt. 2015.</p> <p>Årsplanen syner kva for saker saker/tema som skal behandlast av styret, og gir RBU såleis ein god moglegheit til å forberede innspel som i særleg grad angår pasienttilbodet. Møtet den 6. mai blei særleg nemnt som viktig for RBU, der mellom anna</p>	Linn Bæra

	<p>statusrapport for arbeidet med samhandlingsreforma er eit tema. Det blir her vist til styresak 138/14, kor dette blei omtala. I protokoll frå dette styremøtet (8. desember 2014) står det om saka at: «Styret hadde følgjande kommentarar: Styret ønskja at statusrapport for arbeidet med Samhandlingsreforma blei lagt inn i årsplanen for 2015. Styret ønskja i samband med dette også ei vurdering av om det bør lagast ein plan for kompetanseoverføring til kommunane. Ein slik plan må lagast i samhandling med kommunane».</p>	
16/15 Kl 13.30	<p>Brev og invitasjonar</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Førespurnad frå Helse Vest v/fagavdelinga om brukarrepresentantar til prosjektgruppe i Regional plan for laboratorietenester</li> <li>2. Førespurnad frå dei andre regionale RBU-a om deltaking i utvida prosjektgruppe i Prosjekt Ny teknologi AMK.</li> <li>3. Førespurnad frå Samarbeidsorganet mellom Helse Vest og universiteta i regionen om brukarrepresentant til arbeidsgruppe som skal utarbeide ny forskingsstrategi for 2016-2020</li> </ol> <p>Det blei peika ut RBU-representantar til alle desse gruppene. Sjå vedlegg over prosjekt- og gruppedeltaking.</p>	Linn Bæra
17/15 Kl 14.00	<p>Fellesmøte med BU i Helse Bergen 16/3-15.</p> <p>Saka blei flytta til slutten av møtet grunna tidsnaud.</p> <p>Andreas Moan frå Helse- og omsorgsdepartementet kjem for å presentere Nasjonal helse- og sjukehusplan for brukarutvala, med diskusjons- og innspelsrunde i etterkant. Leiar av RBU er i dialog med leiar av brukarutvalet i Helse Bergen om vidare agenda for dagen.</p> <p>Det blir sendt ut møteinnkalling på vanleg vis, 1 veke i forkant av møtet.</p>	Linn Bæra
18/15	<p>Etablering av ressursgruppe – diskusjon</p> <p>God diskusjon i gruppa om dette, og det er eit ønskje om å opprette ei slik gruppe. Leiar utformer eit utkast basert på diskusjonen og sender ut på høyring til RBU.</p>	Linn Bæra
19/15	<p>Forslag til valprosedyre for RBU</p>	Linn Bæra

	<p>Claus Ingebrigtsen spela inn som ei eventueltsak at han var svært misnøgd med konstitueringsprosessen på sist RBU-møte. Hans argument, saman med vidare diskusjon, blei tatt med under gjennomgangen av diskusjonsnotatet frå leiar, som låg ved møteinnkallinga.</p> <p>Ein minner her om retningslinjene for brukarmedverknad på systemnivå der det står om konstituering av brukarutval i punkt 3.2. Sjå også førre referat om denne saka.</p> <p><u>Oppsummering fra diskusjonen:</u>  Det var eit ønskje frå fleire om at alle RBU-representantar blir presentert for kvarandre skriftleg (navn + kort info om bakgrunn) i forkant av første møte der konstitueringa skal skje. Sekretær for RBU sender ut denne øversikta saman med møteinnkallinga til konstitueringsmøtet. Det står ikkje noko i retningslinjene om at leiar eller nestleiar skal/bør ha vore med i førre funksjonsperiode, men at dei skal ha eit tett samarbeid seg imellom. Det kan etablerast eit arbeidsutval som skal ha særskilt ansvar for å sikre brukarmedverknad i aktuelle saker.</p> <p>Leiar oppdaterer diskusjonsgrunnlaget på bakgrunn av innspel frå diskusjonen, og sender eit utkast på høyring til RBU.</p>	
20/15	Etablering av arbeidsutval.  Utsett til neste RBU-møte	Linn Bæra
21/15	Eventuelt  Sak nr. 1 – Rehab-konferanse 4.-5. august 2015 i Haugesund. Frå RBU ønskjer Claus Ingebrigtsen, Elisabeth B. Salte, Linn Bæra, Kari Toftøy-Andersen og Solfrid Lillebø å delta. Det er opna for førehandspåmelding, og sekretær for RBU melder på dei medlemma som ønskjer å delta. Link til konferansen: <a href="http://folketsgave.no/rehabiliteringskonferanse/">http://folketsgave.no/rehabiliteringskonferanse/</a>  Sak nr. 2 Opplæring i Prio2 15. april Bergen. (Prio 2 endring i <i>Pasient- og brukarrettighetsloven</i> , endring i <i>Prioriteringsforskriften</i> og reviderte <i>prioriteringsretteleiarar</i> . RBU har blitt tildelt 2 plassar, og Linn Bæra og Grete Müller ønskjer å delta	Linn Bæra

	her. Sak nr. 3 om tal på medlem i utval blei utsett til neste RBU-møte grunna tidsnaud.	
--	--	--

Neste RBU-møte er et fellesmøte med brukarutvalet i Helse Bergen den 16/3 kl 10.00-14.30. Innkalling kjem 1 veke før møtet. Hugs å bestille flybillett i god tid.

Vel møtt!

Referent: KOL